



Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutval

Møtedato: 07.12.2020
Møtestad: Brannstasjonen
Møtetid: 09:00 - 11:00

1. Orienteringssaker:

- a. AMU ber om at det vert orientert om skriftleg frå leiarane korleis dei ser føre seg at samarbeidet med tilsette vert best mogleg. Leiar har sjølv ansvar for å sende skriftleg svar til leiar for AMU, Tom K Imsland. Bakteppet for førespurnaden frå AMU er å sikre best mogleg kvalitet på samarbeidet mellom arbeidsgjevar, tillitsvald og verneombod i samband med koronakrisa.
- b. AMU ynskjer at leiar for pleie og omsorg, Margrethe L. Kvamme, vil presentere status og evt. tiltak for eininga i neste AMU-møte. Leiar for AMU, Tom K Imsland, tek kontakt med Margrethe L. Kvamme for å avtale presentasjonen. Grunnlag er orientering om sjukefråver for heile Modalen kommune kor PLOMS har særleg høgt sjukefråver. AMU viser til «Mål for HMT-arbeidet» delmål 1 – aktivitetsmål – pkt. e): I avdelingar som har sjukefråver høgare enn 6,5 % over ein periode på 6 mnd, skal leiar utarbeide skriftlege tiltak for å søkje å redusere sjukefråveret.
- c. Avviksmeldingar i perioden 01.09.20 – 01.12.20 v/ ass. rådmann
- d. Sjukefråver i Modalen kommune for 3. kvartal 2020 v/ ass. rådmann
- e. Budsjett og økonomiplan v/ rådmann
- f. Framdriftsplan/status nytt kommunehus
- g. Vernerundar 2020 v/ AMU-leiar - status frå dei ulike verneomboda denne hausten.
- h. Status handlingsplan med bedriftshelsetenesta v/ Salutis
- i. Orientering om arbeid som pågår knytt til retningsline for ungjobb
- j. Langvaktturnus for pleie og omsorg – orientering om arbeid som går føre seg v/ leiar for pleie og omsorg Margrethe L. Kvamme

2. Evt.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Imsland		Utvalsleiar	
Kari Øvretveit		Tillitsvalt	
Kristin Meiling		Tillitsvalt	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Anneli Vatle Lilletvedt	leiar kundetorg	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2020	Godkjenning av møteprotokoll
015/2020	Orienteringssaker

Notat frå møtet:

013/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Kristin Meiling (Fagforbundet) ville ha protokollført at det var uryddige forhold rundt kven som hadde hatt plass i AMU over tid. Ho ville vite kor tid det vart bestemt at det ikkje skulle vere politisk representasjon i AMU, kvar dette står / er referert, og kva ein la til grunn.

Leiar for AMU beslutta at dette vart tilstrekkeleg opplyst om i møtet, og at det difor ikkje skulle vidareførast som sak/undersøking eller anna.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

015/2020: Orienteringssaker

Behandling:

Orienteringssaker:

AMU ber om at det vert orientert om skriftleg frå leiarane korleis dei ser føre seg at samarbeidet med tilsette vert best mogleg. Leiar har sjølv ansvar for å sende skriftleg svar til leiar for AMU, Tom K Imsland. Bakteppet for førespurnaden frå AMU er å sikre best mogleg kvalitet på samarbeidet mellom arbeidsgjevar, tillitsvald og verneombod i samband med koronakrisa.

Leiar for AMU orienterte om tilbakemeldingane, og var nøgd med desse.

AMU ynskjer at leiar for pleie og omsorg, Margrethe L. Kvamme, vil presentere status og evt. tiltak for eininga i neste AMU-møte. Grunnlag er orientering om sjukefråver for heile Modalen kommune kor PLOMS har særleg høgt sjukefråver. AMU viser til «Mål for HMT-arbeidet» delmål 1 – aktivitetsmål – pkt. e): I avdelingar som har sjukefråver høgare enn 6,5 % over ein periode på 6 mnd, skal leiar utarbeide skriftlege tiltak for å søkje å redusere sjukefråveret.

Leiar for pleie og omsorg, Margrethe L. Kvamme, orienterte. Viste til fråversoversikt 2019 - 2020 sat oversikt over både førebyggjande tiltak, og oppfølgingstiltak. AMU takka for orienteringa.

Avviksmeldingar i perioden 01.09.20 – 01.12.20 v/ ass. Rådmann

Ass. rådamnn viste til oversikt (fordelt på einingar / hendingar) over meldte avvik i perioden. AMU samde om at samla rapport vert fulgt opp i kommande AMU-møte. Ass. rådmann tek kontakt med BHT for utforming av rapport.

Sjukefråver i Modalen kommune for 3. kvartal 2020 v/ ass. Rådmann

Ass. rådmann viste til eit sjukefråver på 3,4 % for 3. kvartal, og eit samal sjukefråver på 7,9 % for perioden 01.01.20 - 30.09.20

Budsjett og økonomiplan v/ rådmann

Rådmannen hadde ein gjennomgang av budsjett og økonomiplan.

Framdriftsplan/status nytt kommunehus

Rådmannen orienterte om at byggjaprosessen var i rute.

Vernerundar 2020 v/ AMU-leiar - status frå dei ulike verneomboda denne hausten.

AMU-leiar var nøgd med utviklinga så langt. Alle var så å seie i boks. Fristen er 31. des (sluttrapport). Teknisk etat planlegg vernerunde no i deseber.

Status handlingsplan med bedriftshelsetenesta v/ Salutis

BHT v/ Venke Osnes gjekk gjennom planen for 2020 og kom med innspel til tiltak i 2021. Nårare arbeid med planen er planlagt med leiarane + verneomboda 8. februar. AMU positiv til ny AMUS hausten 2021.

Orientering om arbeid som pågår knytt til retningsline for ungjobb

Ass. rådmann orienterte om prosess for å evaluere og revidere retningsliner for ungjobb.

Langvaktturnus for pleie og omsorg – orientering om arbeid som går føre seg v/ leiar for pleie og omsorg Margrethe L. Kvamme

Margrethe L. Kvamme (leiar for pleie og omsorg) orienterte om at det gjekk føre seg arbeid saman med HTV for sjukepleiarforbundet om mogleg langvaktsturnus.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering
